

Språkåret 2013

Hamar dialekt- og mållag

Arrangementa er i regi av Hamar dialekt- og mållag, men er OPNE FOR ALLE uavhengig av målform eller politisk ståstad. Dei er ei inkluderande markering og feiring av det språklege mangfaldet i Noreg.

Takk til Gravdahl bokhandel som låner bort lokalet til dette arrangementet!
Takk til Språkåret 2013 og Austmannalaget for økonomisk støtte!

Frode Myrheim

«Stadnamnlova og stadnamna»

Frode Myrheim held føredrag med etterfølgjande diskusjon. Frode Myrheim er historikar med hovudfag i historie frå Universitetet i Oslo. Til dagleg er han bygdebokforfattar i Aurskog-Høland herad. Han har vore særleg oppteken av Lov om stadnamn frå fleire år attende, og særleg kva ei endring av lova vil ha å seie for stadnamna, og då først og fremst gardsnamna. Frode Myrheim er også leiar i Norsk Namnelag. Det har vore ein lengre debatt i Hamar-avisene om stadnamn, og det er eit tema som mange er opptekne av. Her kan ein delta i den offentlege debatten.

Gravdahl bokhandel

Tysdag, 5.3.2013

kl. 18

Gratis inngang



Meld deg inn i Hamar dialekt- og mållag! Send SMS med «nynorsk» til 2490! (Kr. 200.- for 2013)